
Fra: Solveig Eide <solveide@gmail.com>
Sendt: 6. mars 2017 15:12
Til: Postmottak Lindås
Kopi: Arne Johannes Riisnes; boris kuprijanov; kaare.mjanger@gmail.com; kirsten eide; Sigurd Eidsheim; Olav Einestrand; Fjelde Vikan
Emne: Varme i kommunen?

Til Astrid Aarhus Byrknes

I Lindås Kommune er det sikkert mange institusjonar og organisasjonar som fungerer svært godt og som innbyggjarane er nøgde med.

Det er ikkje tema for denne meldinga.

Eg er leiar for eit sangkor ved Ostereidet Kyrkje som heiter OsterKlang, - og me har dei siste 6 åra hatt eit svært godt samarbeid med Ostereidet Ungdomsskule, der me har fått låna Idrettsbygget til ein kor-kafe ei helg kvar vår.

Me låner nøklar hjå skulen og dei tingar varme hjå kommunen, - laurdag kl 10 til 16 og søndag kl 13 til 20.

I tre av desse seks åra har dette ikkje fungert. Det er iskaldt når me kjem og det tek tid å få tak i rette personane til å setja på varmen. Koret skal då varme opp, og du veit sikkert kor vanskeleg det vert med stemmen når det er kaldt i det store rommet.

Siste kor-kafe hadde men no i helga, og det var same problemet. Det var iskaldt når me kom, og det tok to timar frå eg ringte Vakttelefonen til det vart litt varme på lørdag.

Søndag var det også iskaldt og ein hylande alarm gjekk i heila bygget. Det var då 2,5 timar til me venta publikum. Ein lokal elektriskar-nabo, Bjørn Jakob Bjørsvik, hjelpte oss å få alarmen av, og me henta vår eigen byggtørkar for å få opp litt temperatur. Dette er løysingane me er vorte vande med!

Det viste seg at straumen hadde vore vekke om natta og vaktmannen måtte til slutt koma til Ostereidet og restarta anlegget. Dersom ikkje me hadde oppdaga det, ville det sannsynlegvis halde fram til om morgonen ved skulestart.

Dersom dette var ei enkelt-hending var det råd å forklara og finna årsakingar, men det gjentek seg og dei som skal driva bygningane, og andre som er i same situasjon som oss fortel om det same, - dei er svært misnøgde og litt resignerte!

Dette kan ikkje vera eit system som fungerer godt nok, men eg veit ikkje om det er eit teknisk eller eit organisatorisk problem. Er kompetansen god nok i alle ledd?

Er du som ordførar nøgd med dette? Kan du gjera noko med det?

Mvh Solveig Eide

Tlf 98647358